



Det vert fleire workshops, m.a. marimbaspel.

**I samband med TV-innsamlinga 23. oktober, er det fleire flotte arrangement også her lokalt som skal understreka og informera om innsamlingsaksjonen og behovet for den. Her i Kvinnherad kjenner vi til at det vert arrangert fleire interessante workshops, ein stor fleirkulturell fest fredag og ein stor venskapsfrukost på laurdag.**

Fredag kveld vert det arrangert ein stor internasjonal fest i festsalen i Kulturhuset Husnes. Festen startar kl.18 og varer eit par timar, og det er ein fest for heile familien. Ordførar Peder Sjo Slettebø er til stades og opnar det heile medan Nils Trygve Markhus kjem og er konfransier. Leiaren for bufellsskapa for mindreårige flyktnigar Vigdis Gammelsæther skal ha apell, og i tillegg vil det vera eit variert, innhaldsrikt og godt program med aktørar frå fleire land. Her kan vi få oppleve både internasjonal dans, song og musikk med meir.

I tillegg til programmet vert det også servert både norsk og internasjonale matrettar. Her kan ein verkeleg glede seg både til maten og programinnsлага.

Familifesten er gratis, men for dei som ønskjer det, er det mogeleg å gje ei gåve til innsamlingsaksjonen.

Tidlegare på fredagen har det vore workshops. Kulturskulelærarar Mauricio Weimar frå Brasil skal ha to grupper der ein kan få prøva å spela afrikansk marimba. Kulturskulen kjøpte inn desse fantastiske musikkinstrumenta frå Zimbabwe i fjor, og dei er blitt svært populære både blant elevane og publikum som har høyrte på dei. For dei som har lyst til å prøva seg på bildekunst, skal ein annan kulturskulelærar, Karin Bøe, ha kurs i tørrpastell. På begge workshopane vert det to grupper med max. 8 deltakarar, kl.14-15.30 og kl.16-17.30. Påmelding til 911 75 783. I planane er det også workshop i dans for barn med danselæraren i kulturskulen Koshiwayi Sabuneti.



Laurdag inviterer Tinemelk og Røde Kors til stor vennskapsfrukost i Kulturhuset Husnes.

Laurdag 22.oktober mellom kl.11 og 13 inviterer Røde Kors i samarbeid med Tinemelk til stor vennskapsfrukost i Kulturhuset Husnes. I invitasjonen skriv dei innleiingsvis m.a.:

'Gjennom TV-aksjonen NRK skal Røde Kors sørge for at mer enn to millioner mennesker får livsviktig hjelp der de er. Hjelpen går også til deg som har flyktet fra krig og konflikt til Norge.'

Gjennom vennskapsfrukosten ønskjer Røde Kors og Tinemelk at det vert eit koseleg møte der folk som har flykta kan verta litt betre kjent med lokalbefolkninga. Kontaktperson for frukosten er Oddrunn Steinsland, mobil 971 65 410.

**Det er gratis å delta på alt som er omtala her.**

Vi håpar det vert god oppslutning om desse flotte arrangementa og om innsamlingsaksjonen i sin heilskap.



**SAMMEN FÅR  
VI HJELPEN  
HELT FREM**

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Foto: Arrangørane og Thor Inge Døsland